



PROTOKOLL

ULLENSVANG
KYRKJELEG FELLESRÅD

Frå kl. 15.00 Til kl. 17.00	Møtedato 09.03.2022
Frå sak nr. 4 Til sak nr. 10	Møtestad: Kinsarvik gamle heradshuset
Forfall Kari Bjørkavoll Eitrheim Arild Hellesøy Steinar Tokheim	Innkalla varamedlem: Kari Wagtskjold
Merknader: Før møtet i administrasjonsutvalet som byrja kl. 13.30 hadde fellesrådet synfaring i Kinsarvik kyrkje, for å sjå korleis nye omnar kunne monterast.	
Underskrifter: Protokollen vert underskriven av leiar og nestleiar, og er godkjent elektronisk.	
Leiar Lars O. Seim	Nestleiar Audhild Engesæter
 Kari Wagtskjold	 Torbjørn Dagestad
 Torbjørn Bjotveit	
	Airin Nesse
	Kjellaug Hoås Samland

Hovudutskrift sendt til:

Medlemar, varamedlemar, prosten, revisjonen.

Soknerådsmedlemene som er med i fellesrådet nyttar sitt referat som melding til soknerådet.

MØTEINNKALLING

ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD

KYRKJELEG FELLESRÅD HAR MØTE I GAMLE HERADSHUSET I KINSARVIK ONSDAG DEN 09. MARS ETTER MØTE I ADMINISTRASJONSUTVALET.

FELLESRÅDET ER KALLA INN TIL SYNFARING I KINSARVIK KYRKJE KL. 13.00 FØR MØTET I ADMINISTRASJONSUTVALET.

Varamedlemar møter etter nærare varsel. Mogelege forfall må meldast snarast til 53671540.

Me ber alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker å melda frå om dette snarast.

FORFALL

Steinar Tokheim
Kari Bjørkavoll Eitrheim
Arild Hellesøy

INNKALLA VARAMEDLEM

Kari Wagtskjold

SAKSLISTE:

Saker frå administrasjonsutvalet

- SAK 4 REVIDERT BUDSJETT 2022.
- SAK 5 PROSEDYRE FOR TILSETJING AV KYRKJEVERJA

Saker i fellesrådet.

- SAK 6 TILBOD PÅ UTSKIFTING AV RØYROVNAR UO § 14
- SAK 7 INSTALLERING AV VARMEPUMPE I TYSSDAL KYRKJE I KJELLARHØGDA
- SAK 8 BERJAFLOT FJERNING AV BJØRKETRE
- SAK 9 UTSKIFTING AV KABLAR TIL BRANNVARSLING ULLENSVANG KYRKJE
- SAK 10 MELDINGAR

EVENTUELT

Odda, 03.03.2022

Med helsing
Sign
Lars Seim
leiar

Gerd Rosten Bu
kyrkjeverja

MØTEBOK

ULLENSVANG KYRKJELEG FELLESRÅD			
Sak nr	4-2022	Sakshandsamar	Grb
Arkiv nr		Møtedato	09.03.22

Saka har vore handsama i: KYRKJELEG ADMINISTRASJONSUTVAL			
Sak nr	1-2022	Møtedato	09.03.22

SAK 4 REVIDERT DRIFTSBUDSJETT FOR 2022

DOKUMENTLISTE:

1. Budsjettframlegg 2022.
2. Ramma frå kommunen e-post frå økonomisjef dgs.
3. Revidert budsjettframlegg 2022.

VEDLEGG:

Dokument 3.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Kyrkjeleg fellesråd handsama i sak 13/21 budsjett for 2022 og bed kommunen om ei ramma på kr 13.780.000 med tillegg for tenesteyting på kr 945.000. Kommunen har vedteke ei ramma på kr 13.650.000 der kr 945.000 til tenesteyting er inklusiv i ramma, og utgjer eit nett overføring til drift på kr 12.705.000. Dette medfører at framlegg til budsjett må skjerast med kr 1.075.000, som er kr 130.000 meir i nedskjeringar enn for året 2021.

Fungerande kyrkjeverja har gått gjennom budsjett og rekneskap for 2021 og utifrå dette vert det lagt fram eit revidert budsjett. Dei viktigaste endringane vert det gjort greie for.

Gjeld alle tenester:

- Pensjonsutgifta var for 2021 langt høgare enn dei 16% som var lagt inn i budsjettet og pensjonen er for 2022 endra til 17%, **og inneber ein auke** i utgifter for 2022. Det trur eg vil halda, men om det skulle vera for lite kan pensjonsutgifter dekkast av midlar frå KLP som er avsett i KLP – sjå sak 3/21.
- Straumutgifter – det er ikkje lagt inn auke for nye straumprisar. Dette fordrar at fellesrådet tek kontakt med kommunen og bed om at refusjon for auka straumutgifter. Statsråd Toppe uttaler til KA at kommunane har fått stor auke i frie midlar og håper kommunane finn gode løysingar for kyrkjene i heile landet slik at kyrkjeleg aktivitet ikkje vert skadelidande.
- Det er reduksjon i svært mange postar og dei er skore så langt ned ein kan.

Administrasjon

- Det er for tida 20% ubesett stilling i administrasjonen – dette er stilling som ligg til ein av dei tilsette, og den tilsette ønskjer å gå opp att i stilling når helsa tilseier det. Budsjettet er redusert noko i utgifter til løn i administrasjonen.
- Godtgjersle fellesråd/sokneråd – noko mindre møter enn det er oppsett.
- Husleige for kontorlokalitetar i Kinsarvik er i dag kr 307.000 for 2022 for 86 m2 kontorareal og 46 m2 fellesareal. Dette er inklusiv straum, reinhald og vaktmestertenester. Om ein deler alt på kontorlokalitetane vil dette utgjera kr 3.570 kr pr m2 kontor. Fellesrådet bør ta opp med kommunen om denne prisen kan reduserast. Det kan vurderast å flytta prestekontoret til tidlegare kontor til kyrkjeverja, ass. verja kan nytta ein av dei andre kontora. (Leni Mæland er informert om framlegget).

Kyrkjer

- Det er innsparingar på stillingsressursar. Det er vakant 45% stilling – dette er grunna 20% stilling knytt til babysong er flytt til trusopplæring og vert løna av tilskot frå bispedømet. Dette treng ikkje vera gjort som ei varig endring. Klokkestillinga til Jondal kyrkje er endra frå løn utbetaling av tilskot til soknerådet. Dette er endra i tråd med ønskje frå Halldor Tuvinn som er tilsett som klokke og vil få til ein dugnad på klokkartenesta i Jondal. Denne ordninga har soknerådet i Ullensvang, Kinsarvik og Utne. Lønsmidlaneer redusert frå 5%, til 4% stilling og kvar av dei 4 sokneråda får utbetalt kr 12.000 kvar for denne tenesta. Halldor Tuvinn er gjort merksam på dette og har ingen innvendingar. Leiar i Jondal sokneråd Anne Røimstad er informert på telefon og soknerådet kan ta stilling til om dei vil akseptera ordninga, som no er gjort lik for dei sokneråda som har frivillig klokkartenesta.
- Straumsparing: Kyrkjene har varmestyring og iflg KA kan kviletemperatur seinkast til 6 grader utan at noko tek skade og brukstemperatur kan vera 19 grader. Om ein set varmen gradvis opp over eit døger før bruk vil dette også ivareta orgelet sitt behov for gradvis oppvarming. På møtet vert det orientert om tiltak som er gjort.
- Ullensvang kommune har gjeve ny laupar i jubileumsgåve til Odda kyrkje som var 150 år i 2020. Det er lagt inn i budsjettet med kostnad på kr 150.000 og tilskot frå kommunen på kr 150.000. Golvet bør slipast og malast og dette er stipulert til om lag kr 80.000 frå Meusburger.
- Vedlikehald kyrkjene er redusert med kr 100.000.
- Det er ikkje utgifter til orgelstemming i 2022. Det er ei utgift på om lag kr 100.000.

KYRKJEVERJA SITT FRAMLEGG TIL TILRÅDING:

Revidert budsjett vert vedteke slik det ligg føre. Det er ein føresetnad for budsjettet at auka straumutgifter vert kompensert frå kommunen. Om ikkje må budsjettet opp til ny revisjon.

Kyrkjeleg administrasjonsutval, den 09.03.22

Møtet drøfta følgjande:

Delta kom med innspel: Det er viktig å få tilset trusopplærar i dei sokna som ikkje har. Det manglar ressursar til kyrkjetenarstilling. Urnefeltet på Berjaflo må ferdigstillast. Det må vera midlar til vedlikehald.

Straumutgifter til kyrkjene er høge. Det er varmestyring slik at kyrkjene har låg temperatur utanom brukstid. Det vert installert varmpumpe i Tyssedal kyrkjene. Ullensvang og Kinsarvik får nye omnar under benkene. Desse er meir varmeeffektive og det vil spara straum. Det er lagt inn kr 644.000 i straum for 2022. Total utgift i 2021 var kr 943.000. I 2022 vil straumutgiftene truleg verta meir enn det doble av det ein har lagt inn i budsjettet. Dette må takast opp med kommunen og fellerådet må be om å få kompensert for auka straumutgifter. Budsjettet er nedskore og stillingar står vakant, som ikkje burde vera vakante.

I Ullensvang vil det verta eit høgt straumforbruk med spreidd busetnad og 8 kyrkjer. Det bør ikkje vera ei ordning for fellesråda som vil variera frå kommune til kommune. Leiar Lars O. Seim vil ta dette opp med kommune og KA.

Kyrkjeverja har teke opp med prest Leni Mæland om ho kan flytta inn på det gamle kyrkjeverjekontoret. Det ser ho som ei god ordning og kyrkjeleg fellesråd seier opp prestekontoret frå 01.01.22.

TILRÅDING TIL KYRKJELEG FELLESRÅD:

Samrøystes om framlegg til vedtak.

VEDTAK I KYRKJELEG FELLESRÅD:

Revidert budsjett vert vedteke slik det ligg føre. Det er ein føresetnad for budsjettet at auka straumutgifter vert kompensert frå kommunen. Om ikkje må budsjettet opp til ny revisjon.

Utskrift til:	
Rett utskrift:	

MØTEBOK

ULLENSVANG KYRKJELEG FELLESRÅD			
Sak nr	2-2022	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr		Møtedato	09.03.22

Saka har vore handsama i: KYRKJELEG ADMINISTRASJONSUTVAL			
Sak nr	5-2022	Møtedato	09.03.22

SAK 5 TILSETJING AV KYRKJEVERJE - SAKSGANG

DOKUMENTLISTE:

1. Utlysing av stilling som kyrkjeverja.

VEDLEGG:

Ingen.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Stillinga har vore utlyst i lokalaviser i nærområdet og kjem automatisk på nav sine sider. Webcruiter er nytta til denne tenesta. Søknadsfrist er 11. mars. Det vert halde intervju i veke 12. Det skal innhentast referanse og innstillingsutvalet skal gje sin konklusjon.

Fellesrådet bør vedta kven som skal sitja i innstillingsutvalet og saksgang vidare i prosessen. Fellesrådet har rådd til at det vert nytta ekstern konsulent i tilknytning til prosessen.

Innstillingsutvalet bør vera samansett av leiar i fellesrådet, nestleiar, ein prest, fungerande kyrkjeverja ilag med ekstern konsulent. Innstillingsutvalet vurderer om ein arbeidstakar/tillitsvald skal vera med på intervju.

Fellesrådet bør vedta ein prosedyre for gjennomføring av tilsetjingsprosessen. Det er fellesrådet som tilset kyrkjeverja og dei tilsette skal verta høyrd gjennom ordninga med tillitsvalde.

KYRKJEVERJA SITT FRAMLEGG TIL TILRÅDING:

Det vert leigd inn ekstern konsulent for vurdering og gjennomføring av prosessen med å tilsetja kyrkjeverja.

Innstillingsutvalet består av tre representantantar frå fellesrådet: Leiar Lars O. Seim, nestleiar Audhild Engesæter, prost Arild Hellesøy (vara for Margrethe Ølberg) og ekstern konsulent.

Det er innstillingsutvalet som går gjennom søkjarlista og vurderer kven som skal kallast inn til intervju.

Innstillingsutvalet ilag med ekstern konsulent gjennomfører intervju og innhentar referansar.

Innstillingsutvalet vurderer om ein arbeidstakar/tillitsvalt skal vera med på intervju.

Utvida søkjarlista vert sendt tillitsvalde i organisasjonen til uttale.

Innstillingsutvalet kjem med tilråding til kyrkjeleg fellesråd om kven som bør tilsetjast i stillinga som kyrkjeverja

Det vert gjort vedtak i fellesråd og den som får tilbodet vert tilskriven og vert tilsett så raskt som mogeleg.

Kyrkjeleg administrasjonsutval 09.03.22

Det vart teke opp spørsmål om ein representant frå tilsette kunne tiltre innstillingsutvalet. Angunn Handegard Trå som er sekretær/sakshandsamar vart føreslege til å vera med i innstillingsutvalet. Det er fellesrådet som vedtek om det skal vera representant frå tilsette med i utvalet.

TILRÅDING TIL KYRKJELEG FELLESRÅD:

Samrøystes som framlegg til vedtak.

Kyrkjeleg fellesråd 09.03.22

VEDTAK:

Det vert leigd inn ekstern konsulent for vurdering og gjennomføring av prosessen med å tilsetja kyrkjeverja.

Innstillingsutvalet består av tre representantar frå fellesrådet: Leiar Lars O. Seim, nestleiar Audhild Engesæter, prost Arild Hellesøy (vara for Margrethe Ølberg) og ekstern konsulent.

Det er innstillingsutvalet som går gjennom søkjarlista og vurderer kven som skal kallast inn til intervju.

Innstillingsutvalet ilag med ekstern konsulent gjennomfører intervju og innhentar referansar.

Innstillingsutvalet vurderer om ein arbeidstakar/tillitsvalt skal vera med på intervju.

Utvida søkjarlista vert sendt tillitsvalde i organisasjonen til uttale.

Innstillingsutvalet kjem med tilråding til kyrkjeleg fellesråd om kven som bør tilsetjast i stillinga som kyrkjeverja

Det vert gjort vedtak i fellesråd og den som får tilbodet vert tilskriven og vert tilsett så raskt som mogeleg.

Angunn Handegard Trå sekretær/sakshandsamar representerer dei tilsette i innstillingsutvalet.

Utskrift til:	
Rett utskrift:	

MØTEBOK

ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sak nr	7-2022	Sakshandsamar	Grb
Arkiv nr.		Møtedato	09.03.2022

SAK 7 INSTALLERING AV VARMEPUMPE I KJELLARHØGDA I TYSSedal KYRKJE

DOKUMENTLISTE:

Tilbod frå Lauareid Service AS.

VEDLEGG:

Ingen

SAKSOPPLYSNINGAR:

Tyssedal kyrkje er frå 1960. Varmekjeldene i kyrkja er i hovudsak varmekablar i dekket mellom dei to høgdene.

Varmekablane er gamle og dei gjer ikkje god effekt. Det var ikkje mogeleg å få opp nok temperatur berre med golvvarmen. I 2018 vart installert 2 varmepumper i skipet for å halda varmen under kyrkjelege handlingar. Når det er kaldt ute, må kablane nyttast i tillegg til varmepumpene.

Kablane gjev betre effekt i kjellarhøgda enn i skipet. Kablane må stå på for at vatn ikkje skal frysa. Dei dreg mykje straum og ein vil over litt tid spare inn utgiftene med å installera 1 varmepumpe i kjellarhøgda i salen. Dørene frå salen til gangareal i kjellar står opne. Varmeomnane på toalettet er gamle og vert skifta ut med nye termostatomnar.

Varmepumpe kostar kr 30.000 inklusiv montering og boring i betong. Endring av det elektriske vil kosta om lag kr 10.000 – til saman om lag kr 40.000 eks. mva. Kostnaden vert ført på drift i 2022.

KYRKJEVERJA SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Det vert kjøpt inn og installert varmepumpe i kjellarhøgda i Tyssedal kyrkje.

Kyrkjeleg fellesråd, den 09.03.2022

VEDTAK:

Framlegg samrøystes vedteke.

Utskrift til:	
Rett utskrift:	

MØTEBOK

ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sak nr.	8-2022	Sakshandsamar	grbu
Arkiv nr.		Møtedato	09.03.2022

SAK 8 FJERNING AV BJØRKETRE PÅ BERJAFLOT GRAVPLASS

DOKUMENTLISTE:

1. E-post frå Johan Andersson dgs. 12.10.21 med førespurnad om tre kan fjernast.
2. Oversiktsbilete

VEDLEGG:

Ingen. Det vert lagt fram orientering med kart på møtet.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Det er kome e-post frå naboar til Berjaflot der dei bed om at bjørketrea som står langs muren ved innkøyringa til det gamle gartneriet kan takast bort. Trea tek sol og det er mykje lauvfall på hausten som endar i hagane til naboane nord for kyrkjegarden.

Leiar og nestleiar i fellesrådet har ilag med kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar vore og sett på bjørketrea langs muren. Mange av trea har fått skader frå greinknekk og er stygt vokse. Alle trea bør på sikt bytast ut. Det er lange røter på trea og det er til hinder for graving av graver. Alle trea bør skiftast ut over tid. Det er 23 bjørketre langs kyrkjegarden frå vegen inn til driftsbygningane.

Det vert føreslege å fjerna om lag halvparten av trea. Dette er dei trea som har størst skade. Det har vore fjerna tre tidlegare, som har hatt stor skade og det er i dag ikkje fast lengde mellom trea. Det burde vore laga ein planteplan med framlegg til utskifting av tre og val av tresortar. Fungerande kyrkjevevja stiller spørsmål om det er rett å planta bjørk som har eit stort rotsystem og vert svært høge. Slik dei står i dag skjermar dei lite mot innsyn fordi trekruna er kome så høgt opp.

Kyrkjetenar vil fjerna trea, og dette vil gje ein meirkostnad i mogeleg arbeidstid ut over ordinær arbeidstid. Det er likevel rimelegare enn å leiga inn ekstern hjelp til å fjerna dei.

Nye tre bør plantast inn imellom dei som er teke bort. Nye tre har ein større kostnad og det må nyttast gravemaskin for å fjerna eksisterande røter og leggja til rette for planting av nye tre.

Fungerande kyrkjevevja vil be fellesrådet drøfta om det bør leigast inn eller få vurdert i lag med kommunen sin planleggjar om kva tre ein bør planta på nytt.

KYRKJEVERJA SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Langs muren på Berjaflot gravplass vil det verta fjerna om lag halvparten av 23 bjørketre. Mange av dei er skada og har stygg vekster. Dei trea som er mest skada må takast først og deretter bør symmetrien i avstand vurderast.

Kyrkjeleg fellesråd må finna midlar til fresing av bjørkestubbar. Det må leggjast til rette for nyplantingar og då må ein del av dei gamle røtene fjernast med gravemaskin. Dette kan kyrkjetenar leigast inn til å gjera.

Om det ikkje er nok midlar på drift kan det brukast inntil kr 50.000 av disposisjonsfond for kyrkjegardane. Vil dette utgjera ein større kostnad kjem saka attende til fellesrådet.

Kyrkjeleg fellesråd, den 09.03.2022

VEDTAK:

Langs muren på Berjaflot gravplass vil det verta fjerna om lag halvparten av 23 bjørketre. Mange av dei er skada og har stygg vekster. Dei trea som er mest skada må takast først og deretter bør symmetrien i avstand vurderast.

Det vert teke kontakt med anleggsgartnar i kommunen som ansvar for drift av kyrkjegarden og få råd om nyplanting av tre.

Om det ikkje er nok midlar på drift kan det brukast inntil kr 50.000 av disposisjonsfond for kyrkjegardane. Vil dette utgjera ein større kostnad kjem saka attende til fellesrådet.

Utskrift til:	
---------------	--

MØTEBOK

ULLENSVANG KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sak nr.	9-2022	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr.		Møtedato	09.03.2022

SAK 9 UTSKIFTING AV KABLAR OG DETEKTORAR TIL BRANNVARSLING I ULLENSVANG KYRKJE

DOKUMENTLISTE:

1. Tilbod frå Autronica Fire and Security AS dgs 05.11.22
2. Vebenstad Elektro – tilbod dgs. 17.02.22

VEDLEGG:

Ingen.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Autronica er dei som har installert brannvarslingsanlegget i Ullensvang kyrkje, og har årleg kontroll av anlegget. Det er defekt røykdetektor i trappehuset der el-tavla er montert. Produkta er gått ut av produksjon og det er ikkje mogeleg å skaffa reservedeler. Det vil sei at detektorane i heile kyrkja må skiftast, og det må byggjast stillas for å få dette gjort. I treppehuset må tjuverisentralen må flyttast lenger ned på veggen for å gjera plass til ny sentral som har ein anna storleik. Aspirasjonsdektor på loft kan nyttast vidare og treng ikkje skiftast. Tilbodet frå Autronica er på kr 66.070.

Jørn Veland i Autronica opplyser at kablane til brannvarsling og tjuverialarm ligg i same kabel. Dette er ei usikker og dårleg driftsløysing. Autronica si tilråding er at både detektorar og kablar bør skiftast samtidig for rigging vil verta mykje den same om ein deler dette opp i to arbeid.

Vebebstad Elektro er det firma Autronica nyttar lokalt og dei har kome med eit tilbod på utskifting av både dektorar og kablar. Vebebstad skriv følgjande:»

- Ved brot på eksisterande kablar vil det verta utfall på detektor som er etter kabelbrotet og det vil ikkje verta utløyst varsling.
- Ved feil på innbrotsalarm/detektor må firma som skal sjekka dette ha sentral godkjenning fordi både innbrot og tjuverialarm går i same kabel.
- Kablinga er særdeles uoversiktleg og vanskeleg å søkja feil på.
- Det er feil type etter dagens krav. «

Ved ny kabling vert det installert ein kabel ut frå brannsentralen og detektorane vert lagt i ei sløyfe tilbake til brannsentral. Brannsentralen sjekkar heile tida detektorane begge vegar og om det oppstår kabelbrot vil brannsentralen likevel ha kontakt med alle dektektorane. Dette er ei trygg og framtidretta løysing. Kabelen til tjuverialarmen vert liggjande slik den er i dag. Kabeltrase til ny brannvarsling vil følgja same trase som i dag og inneber små endringar.

ØKONOMISKE KONSEKVENSER.

Utskifting av brannsentral og dektorar kostar kr 66.000. I prisen er kr 37.440 installasjon. Resten er utstyr og igangsetjing. Kostnaden på kr 66.000 er arbeid som må gjerast.

Nytt tilbod frå Vebebstad med utskifting av kablar og detektorar er kostnadsrekna til kr 119.761. Det vil sei at om ein gjer begge deler no vil ein spara kr 37.440.

KYRKJEVERJA SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kyrkjeverja vil rå til at arbeidet med skifting av detektorar og kablar vert gjort samstundes. Dette vert ført på brannsikring. Om rekneskapen går med underskot må dette dekkast av disposisjonsfond.

Kyrkjeleg fellesråd, den 09.03.2022

VEDTAK:

Samrøystes som framlegg til vedtak.

Utskrift til:	
---------------	--

MØTEBOK

ULLENSVANG KYRKJELEG FELLESRÅD			
---	--	--	--

Sak nr.	10-2022	Sakshandsamar	grb
Arkiv nr.		Møtedato	09.03.22

MELDINGAR

Refererte skriv og meldingar.

1. Statsforvaltaren i Vestland dgs. 07.03.22. Avslag på søknad om mellombels dispensasjon frå utsleppskrav til luft ved Odda krematorium.
2. Søknad om kjøp av tilleggsareal ved Berjaflot.
3. Bilete av kirkespir Odda kyrkje. Vert undersøkt med lift og reparert – OAL tek ansvar for dette.
4. Melding om vedtak i Ullensvang kommunestyre – jubileumsgåve Odda kyrkje.
5. KA – tilskuddsordningar for kirkebygg. Satsing på kirkebygg.
6. Dnk Stor tillit til kirkelig gravferd.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Kyrkjeleg fellesråd, den 09.03.2022

VEDTAK:

Samrøystes som framlegg.